

Nytt fra

RADØY

KOMMUNAL INFORMASJON FRÅ RADØY KOMMUNE

LEDIGE STILLINGAR

BARNEVERNKONSULENT

Ledig fast 100 % stilling som barnevernkonsulent.

Om arbeidsstaden

Barneverntenesta består av leiar, fire sakshandsamarar og ein familierettleiar. Tenesta er samlokalisert med og deler ei merkantil stilling med PPT og Psykisk helse.

Arbeidsoppgåver

- sakshandsaming etter Lov om barneverntenester og forvaltningslova
- undersøking / utgreiing
- iverksetting og oppfølging av barn og familiar med hjelpe- og omsorgstiltak
- tverrfagleg samarbeid
- råd og rettleiing til barn/ungdommar og deira familier

Kompetanse

Treårig høgskule barnevernpedagog eller sosionom. Gjerne med relevant vidareutdanning. Erfaring med sakshandsaming etter Lov om barneverntenester vil bli vektlagt.

Eigenskaper

- evne til å jobba strukturert og målretta
- likt å arbeida i team, men og ha evne til å arbeida sjølvstendig
- påliteleg og ansvarsbevisst
- fleksibel, engasjert og løysingsorientert
- høg fagleg integritet
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- gode samarbeidseigenskaper
- god evne til kontaktabling og relasjonsbygging
- kunna handtera stress og press på ein god måte
- evne til å vera audmjuk og å tenkja heilskapleg, kombinert med å visa tryggleik og ha gjennomføringsevne
- opptatt av fagleg utvikling og bidra til dette

Vilkår

Vikariat årsløn 1/1 stilling kr 373.700,- aukande til 440.200,- etter 16 års ansiennitet. For særskild kvalifiserte søkarar kan anna avlønning vurderast.

- fleksitid, med kjernetid 09.00 - 15.00.
- det vert kravd politiattest før tilsetting.
- det er nausynt å disponera bil og ha sertifikat kl B. Kjøreogdtgjersle etter staten sine satser.

Me kan tilby

- spennande, varierte, utfordrande og meningsfylte arbeidsoppgåver
- sjølvstendig arbeid og teamarbeid
- opplæring, rettleiing og kompetanseutvikling
- godt arbeidsmiljø og fagmiljø, samt godt tverretatleg samarbeidsmiljø

Løn og vilkår i tråd med lov og avtaleverk. Svært god pensjonsordning i KLP.

Kontaktperson:

Leila Torsvik, barnevernleiar, telefon: 56 34 92 80 e-post: leila.torsvik@radoy.kommune.no

KONSULENT

– KULTUR- OG SØRVISTORGET

100 % fast stilling som konsulent ved kultur- og sørvistorget

Om arbeidsstaden

Kultur- og sørvistorget (KST) har ansvaret for kommunen sine nettsider, postmottak og arkivteneste, kulturarbeid, informasjonsformidling, politisk møtesekretariat, valgjennomføring m.m. KST vidareformidlar informasjon til innbyggjarar, turistar og tilsette i kommunen.

Ansvar / arbeidsoppgåver

Systemansvar for Acos moduler, arkivdanning og oppfølging av arkivplan, informasjonsarbeid, nettsider, betjena sentralbord og kundemottak, sakshandsaming.

Kompetanse

Den vi søker må vera positiv og tola hektiske arbeidsdagar med varierte oppgåver. Universitets-/høgskuleutdanning på bachelornivå. God IT-kompetanse, helst erfaring med Acos system, og arkivkompetanse. God kjennskap til offentleg forvaltning. Stø språkføring på nynorsk.

Eigenskaper

Gode samarbeidsevner og stor arbeidskapasitet. Personlege eigenskaper vil verta vektlagt.

Lønsvilkår

Løn etter avtale basert på utdanning og erfaring.

Me kan tilby

Løn og vilkår i tråd med lov og avtaleverk. Svært god pensjonsordning i KLP / SPK.

Kontaktpersonar

Anne Dahle Austrheim, Leiar kultur- og sørvistorget, tlf: 56 34 90 11, anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Lisbeth Toppe Alvær, Kommunalsjef drift og forvaltning, tlf: 56 34 90 19, lisbeth.alvaer@radoy.no

Du kan senda søknad slik:

Send søknad elektronisk via Visma rekruttering. Attestar og vitnemål kan du laste opp til søknaden eller du tar dei med til eit eventuelt jobbintervju. Ta kontakt med sørvistorget tlf 56 34 90 00 viss problem med å registrera deg som søker.

INFORMASJON

RADØY MUSIKK- OG KULTURSKULE

Vil **DU** søkja elevplass for barnet / ungdomen din i musikk- og kulturskulen (RMK) 2017/18?

RMK har undervisningstilbod til barn og unge frå 0 -19 år.

Vi har følgjande tilbod: messing, fløyte, song, gutekor, slagverk, piano, gitar, band, tilbod til born under skulealder, visepop for ungdom og vaksne med særlege behov.

Søknadsfrist i RMK er 15. april (påskeaften).

Er du ny søker, så gå inn på denne nettsida: <https://noradoy.speedadmin.dk/tilmelding#/> Har du allereie eit tilbod dette skuleåret, får du informasjon om neste skuleår på e-post.

Kontaktperson:

Ann Christin Hoen, rektor (kulturskulen@radoy.kommune.no) tlf. 56 34 90 35

KINO PÅ MANGER LAURDAG 8. APRIL

Kinoførestillinga i veke 14 vert laurdag 8. april i staden for søndag 9. april. Kl. 16.00: «Gråtass redder gården» Kl. 18.00: «La la land»

AKTIVITET I PÅSKEFERIEN

Open hall måndag 10. april kl 13.00-17.00 for alle. Barn frå 6. klasse og ned må koma i følgje med vaksne. Kl 17.00-21.00 er det open hall for ungdom frå 8.kl.-3.VGS.

Tysdag 11. april er det pysjamasparty med diskotek i bassenget og overnatting. For ungdom mellom 8.kl-3.VGS Meir informasjon på fb-sida til Radøy ungdomsklubb.

INSPIRASJONSMØTE TIL STRAND- RYDDEDUGNAD I RADØY



19. april kl. 20.00 i kommunestyresalen. Radøy kommune inviterer privatpersonar, lag og organisasjonar til eit felles informasjons- og inspirasjonsmøte før strandryddedagen laurdag 6. mai.

SONGSTUND I MANGER KYRKJE

19. april kl 11.00-12.00. Det blir allsang av kjende og kjære salmar/songar.

Solist: Lynn Åsnes
Organist: William Kay

Dørene opnar kl 10.00

Det blir servering av kaffi og kaker før songstunda. Velkommen til ein hyggeleg samankomst ilag med oss.

Arr: Dagstova og Helselaget



KULTURMINNEKVELD I HAUKELANDSVIKA

Måndag 24. april kl. 18.00 inviterer me alle historieinteresserte til kulturminnekveld i Haukelandsvika. Tema for kvelden er kystkultur og kulturminne ved sjøen.

Radøy kommune er i gang med å laga ein kulturminneplan og inviterer difor alle innbyggjarar til å koma med innspel om kva for kulturminne som er viktigast i vår kommune.

Enkel servering.

ARRANGEMENT UNDER KYSTSOGVEKEKENE?

Kystsogvekeke er ei årlig stormønstring av arrangement i 22 kystkommunar, frå Sveio i sør til Gulen i nord, med fokus på tradisjonell og moderne kystkultur. I år vert kystsogvekeke arrangert i perioden frå 12. august til 17. september.

Me ber alle som ynskjer å ha eit arrangement i Radøy kommune under kystsogvekeke om å ta kontakt med rådgjevar kultur Bente K. Hervik på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12 **innan 27. april.**

Les meir om kystsogvekeke på www.kystsogvekeke.no

CATO PLETTENS MINNEFOND

Lag og enkeltpersonar kan no koma med forslag på kandidatar til å få stipend frå Cato Plettens minnefond. Styret i minnefondet skal kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent innanfor dei ulike kulturaktivitetane som er i Radøy, anten som utøvar eller administrator/leiar. Vedkomande må bu i Radøy og vera 17 år eller yngre i tildelingsåret. Kvart stipend skal vera på mellom 2000 og 5000 kroner, og kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av talentet sitt.

Forslaga må innehalda namn på kandidaten, grunngeving av forslaget og namn på forslagsstillar. **Frist for innsending av forslag er 1. mai 2017.**

Send ditt forslag til
Ordførar Jon Askeland,
Radøy kommune,
Radøyvegen 1690,
5936 MANGER
eller på e-post til
jon.askeland@radoy.kommune.no

DRIFTSMIDLAR TIL LAG OG ORGANISASJONAR

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Tilskotet skal dekkja driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpande utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april.

TILSKOT TIL MINDRE INVESTERINGAR I KULTURBYGG- OG ANLEGG

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringsar i egne kulturbygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til egne kulturbygg og -anlegg

For meir informasjon og søknadsskjema sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april

INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET:

Produksjonstilskot

I år vert det omlegging av søknadssystemet for produksjonstilskot med nytt system og nye fristar. Neste søknadsomgang vert i mai, med teljedato 1. mai og **frist 15. mai**. Søknadsfristen er absolutt, og det er ikkje høve til å senda inn søknad etter søknadsfristen. Evt. feil i søknaden kan rettast innan 14 dagar etter søknadsfrist. Søknadsomgangen i mai gjeld husdyrproducentar. Bønder som berre har produksjon av grovdyr skal søkja i oktober.

Det er ikkje lenger høve til å søkja på papir, alle søknadar må sendast inn elektronisk via altinn. Om du ikkje har elektronisk ID for innlogging på altinn må du tinga dette i god tid før søknadsfristen. Som elektronisk ID kan du til dømes nytta BankID som kan tingast hjå din bank.

Landbrukskontoret arrangerer informasjonsmøte i samband med omlegginga der du vil få ein introduksjon til det nye systemet:

Austrheim (Rådhuset/kantina): tysdag 2. mai kl 19.30
Radøy (Rådhuset/ kommunestyresal): tysdag 9. mai 19.00

På begge møta vert det og faginnlegg ved veterinær Sondre Juvik, og på møtet på Radøy kjem i tillegg Trygve Torsteinsen frå landbruksrådgjevinga for å halda eit innlegg om drenering.

SMIL-midlar

Søknadsfrist for SMIL-midlar for Austrheim og Radøy vert i år 15. mai. Søknadsskjema og meir informasjon finn du på kommunen sine heimesider eller på www.landbruksdirektoratet.no

Ta kontakt med landbrukskontoret ved spørsmål.

OPNINGSTIDER I PÅSKE



Radøy bibliotek

Siste opningsdag f. påske: mån. 10. april
Første opningsdag e. påske: ons. 19. april

Radøy legesenter Stengt 12.04.17
Ved akutt sjukdom eller skade, ring Nordhordland legevakt, T: 116117.

Rådhuset Onsdag 12. april er det ope på Rådhuset til kl. 12.00

Bassenget i Radøyhallen


Siste opne dag i bassenga er tysdag 11. april og første opne dag er tysdag 18. april.

POLITISKE MØTE

6. april	Formannskapet - avlyst
4. mai	Formannskapet
10. mai	Hovudutvalet
11. mai	Kommunestyret



RADØY
den grøne øya



RADØY KOMMUNE

Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Telefon: 56 34 90 00 Telefax: 56 34 90 01
www.radoy.kommune.no
E-post: postmottak@radoy.kommune.no